


# Velkommen til Lomsrittet

1. mai 2009 kl 12:00

Ottadalen SK arrangerer årets "Lomsritt" - ungdoms- og turritt (alle klasser)



Løypa er 82 km lang, 743 hm og består av 3 "runder". og 3 turar innom rundkjøringa i Lom. Starten går ved Loar skule (like ved kyrkja).

**1 Skjåkrunda:** Turen går vestover etter riksveg 15 til Marlo (ca. 10 km), her svingar løypa til venstre (90 °) og rett etter etter brua over Ottaelva kjem den fyrste bakken. Løypa går vidare på grendavegen gjennom Reppen før den svingar inn på riksvegen att. Nå er det flat løype gjennom Bismo, ca. 1 km etter Bismo rett før brua over Ottaelva er det inn til høgre på grendavegen. Etter ca. 3 km er det venstresving og over Ottaelva på brua med tredekke og kryssing av riksvegen. Nå er det ca. 2 mil med flat veg attende til Lom.

Nå kjem fyrste turen gjennom rundkjøringa i Lom! Her er det gangfelt og mykje folk - så ro ned farten !!!

**2 Bøverdalsrunda:** Løypa svingar til høgre i rundkjøring mot Bøverdalen og Sogndal. Etter ca. 8 km kupert oppetter Bøverdalen er det vending i vegen rett etter Flå bru. Same vegen attende til Lom.

Nå er det gjennom rundkjøringa i Lom for andre gong. Og var det mykje folk fyrste gongen rittet passerte er det enda meir nå! Rittet blir ikkje avgjort her i rundkjøringa, så bruk hovudet og tilpass farten !!!

**3 Vårdalsrunda:** Løypa svingar til høgre i rundkjøringa atter ein gong, denne gongen mot Vårdalen og Otta. Etter ca. 6 km kjem Rådsbakken - 2 km jamn stigning. Her blir rittet ofte avgjort. Etter toppen er det 2 km rettstrekning og slag nedover. I botn av bakken er det vending, og turen går attende til Lom. Dei 2 km med slak utfør før vending kan i motvind vera riktig seige på turen attende. I Rådsbakken kan ein kvile seg litt før dei siste 6 km attende til Lom og mål ved innkjøringa til kyrkja og Loar skule.

Rittet passerer rundkjøringa i Lom for tredje gong. Denne gongen er det også til høgre. Dette er eit turritt og dermed er **spurting forbode!** Spurting etter avkjøringa til industriområdet vil føre til diskning !!!

Påmelding Lomsrittet kr 250  
Eingongslisens kr 150

Ungdomsrittet går fram og attende til Vårdalen (det som er skildra som 3. runde)

Påmelding kr 100  
Eingongslisens kr 50

**Trafikkreglane må følgjast. Og spurt er ikkje tillatt.  
Kjør aktsamt og vi unngår ulykker i år også !**

**Vel møtt til ein fin sykkeltdag !**  
Ottadalen Sykkelklubb

Ottadalen Sykkelklubb  
Leiar: Per-Ivar Weydahl  
[per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no](mailto:per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no)  
[www.ottadalen-sykkelklubb.no](http://www.ottadalen-sykkelklubb.no)

